



Årsmelding 2025

Generelt

Skånevik Kultur og Idrettshall SA er eit samvirkeføretak der privatpersonar, lag, organisasjonar og bedrifter eig andelar.

Skånevik Kultur og Idrettshall vart reist av bygdefolk på dugnad og stod ferdig i 1994. Målet var å skaffe bygda sine innbyggjarar ein samlingsstad for idrettslege og kulturelle aktivitetar.

Og i dag er Skånevik Kultur og Idrettshall fortsatt samlingsstaden for små og store begivenheter i bygda.

Selskapsstruktur og organisasjon

Skånevik Kultur og Idrettshall er eit samvirkeføretak med eit stabilt tal på andelshaverar. Gjennom årsmøtet utøvar andelshaverane øvste mynde. Kun andelshaverar har rett til å møte på årsmøtet. Årsmøtet skal mellom anna velja styreleiar, nestleiar, styremedlem, varamedlem og valnemnd. Årsmøtet skal også godkjenne rekneskap og årsmelding. Styret leiar laget. Dagleg leiar står for dei daglege gjeremåla.

Skånevik Kultur og Idrettshall har i 2024 hatt ein tilsett. I styret utgjere kvinnene 60%.

Styret

Styret har i 2025 hatt fleire styremøter, og mange sakar har vore handsama. Styret har vore samansett slik:

Maren Tungesvik Tveiten, leiar, valt 2025 for to år

Steffen Vinje Skaug, nestleiar, valt 2025 for to år

Egle Emmerhoff Nilsen, styremedlem, valt 2024 for to år

Sondre Gunleiksrud, styremedlem, valt 2024 for to år

Maria Bull-Tornøe, styremedlem, valt 2025 for to år

Hege Garvik Arefjord, varamedlem, valt 2025 for to år

Kjetil Winterthun, varamedlem, valt 2024 for to år

I styret skal minst to vera medlem av Skånevik Idrettslag, årets styre hadde 3 stykk med medlemskap i Skånevik IL.

Ytre Miljø

Skånevik Kultur og Idrettshall har ikkje utslepp som forureinar eller påverkar det ytre miljø.

Rettstvistar

Skånevik Kultur og Idrettshall har ikkje vore involvert i rettstvistar dette året.

Framleis drift

I samsvar med rekneskapslova stadfestar styret at årsoppgjeret er avlagt under føresetnad av framleis drift

Eigedomar

Skånevik Kultur og Idrettshall har kontor i andre etasje. Eig gjeldfritt både hallen og garasje/lagerbygg.

Dagleg Leiar

Marie Kristiansen er dagleg leiar og hadde sitt første heile år i stillinga. Me er veldig godt fornøyd med jobben Marie gjere.

Arrangement

I regi av Skånevik Kultur og Idrettshall har det i 2025 vore arrangert Opningsfest med quiz, Haustbasar, Oktoberfest og Julemarknad.

Opningsfest vart arrangert i starten av september etter at andre etasje var ferdig oppgradert. Me hadde Frederic Bull-Tørnøe og Vebjørn Ekornrud som stod for quiz, og Torleiv Sydnes stod for live music. Med rundt 100 gjester var me godt fornøyd, og det gav ei fin inntekt.

Haustbasar er alltid populært. Med dårleg ver ute gav det godt oppmøte og eit fint overskot til drifta.

Oktoberfest er som i navnet fest i oktober med live musikk med band. For tredje året på rad arrangerte me med å laga til i 2/3 av hallen. Me leigde inn band med forbindingar til Skånevik. Men dette året var det ikkje like populært, og me ser at dersom me skal arrangere fleire år kan me begrense det til andre etasje.

Julemarknad er messe med stander og fokus på jul. Rekord oppmøte og god stemning. Solgte også mykje av den tradisjonelle julekalenderen.

Me jobbar og vidare med planlegging av andre arrangement som kan gi viktige inntektskjelder. Med nytt kjøkken og oppgradert kafeteria håpar ein også på meir utleige.

Det er vanskeleg å spesifisere heilt konkret inntektene på disse arrangementa då inntektene visar på ulike rekneskapskonti (izettle, vipps++), samt nokon av utgiftene med innkjøp tar ein

med seg vidare til neste. Men det er blitt mykje betre enn tidlegare, sjå vedlegg utarbeida av dagleg leiar.

Open hall for ungdomane i Skånevik har vore gjennomført i samarbeid med Etne Frivilligsentral og Skånevik Ungdomsklubb.

I tillegg er det Skånevik Kultur og Idrettshall som er staden ved 17.mai feiring i bygda, større konserter, idrettsarrangement og andre arrangement, men då i regi av andre enn oss.

Andre inntekter

- Leigeinntekt Etne kommune ca kr. 255.000,-, indeksregulert.
- Leigeinntekt Skånevik Idrettslag, Ny avtale, kr. 200.000,- i året, indeksregulert, gjeldande frå 01.01.2024
- Leigeinntekt Skånevik Skyttarlag, ca kr. 20.000,- i året, her er ein i siste forhandlingar om oppdatert leigekontrakt med ny pris.
- Inntekt sponsa reklameskilt, kr. 142.500,-, her jobbar dagleg leiar vidare med å få nye avtalar på plass
- Tilskudd Etne kommune ca kr. 130.000,-
- SØK stiftinga gav kr. 60.000,- i støtte forsamlingshus

Oppgradering

I starten av 2025 starta den lenge planlagte oppgradering av kjøkken og kafe/klubblokale.

Nytt kjøkken frå Norrøna Storkjøkken var bestilt, alle vegger skulle malast, nytt golv leggst, nye lys på kjøkkenet, nytt røyr i røyr, nye varmpumper++.

Ein formidabel dugnadsinnsats blei gjennomført av mange, og i slutten av mai stod det meste klart til eit lenge planlagt bryllup. Me var og heldige og fekk på plass nye stolar og bord + sofagrupper, dette med gåvemidler frå Sparebankstiftinga Etne.

Det siste som kom på plass var ny skyvbar boks til skytebanen sånn at ein slepp den permanente boksen som har vore der i alle år.

Ein har inne søknad om spelemidler både for diverse oppgradering på garderobar og klubblokale, samt ein egen for sjølve kjøkkenet.

For 2026 planlegg ein å rydde opp i alle lagerrom og garasje i samarbeid med Skånevik Idrettslag, samt dugnad uteområder.

Det er og eit ønske om å friske opp styrkerom og få inn noko nytt utstyr.

Ein håpar og å få pussa opp kontoret til dagleg leiar som då vil vera siste rom som gjenstår i andre etasje.

Resultat

Årsresultatet for 2025 viser eit overskot på kr. 23.958,- etter avskrivninger.

Avskrivninger på anleggsmidler utgjere for 2025 kr. 204.126,-.

Skånevik Kultur og Idrettshall har per 31.12.25 ca kr. 940.000,- ståande på konto.

Går begge spelemiddelsøknadene i gjennom vil det sikre ei utbetaling på rundt 1 MNOK.

Styret i Skånevik Kultur og Idrettshall 2025

23.03.2026

Maren T Tveiten – Leiar

Steffen Vinje Skaug – Nestleiar

Sondre Gunleiksrud

Egle Emmerhoff Nilsen

Maria Bull-Tornøe